

SKULEGUIDEN



VOLDA
VIDAREGÅANDE
SKULE

2014-2015



Hei, alle på Volda vgs!

Klasse 2MK1 ynskjer deg velkommen til ein presentasjon av skulen anno 2014, med von om at du vil leite fram att denne utgåva av skuleguiden i framtida og tenkje attende på eit fint skuleår.

Sidan skulestart har vi vore delt opp i tre team: foto, design/produksjon og innhald/marknadsføring. Men samla har vi vore eitt stort team, med eit felles mål om å lage ein absolutt framifrå skuleguide!

Det har vore ein lang og krevjande prosess å lage skuleguiden, og vi har lagt bak oss mange timar med hardt arbeid.

Men no er den altså ferdig, "vår lisje baby".

I løpet av dei neste sidene vil du truleg fort skjøne kva konseptet for årets skuleguide er. Politakarane gjer det, paven har vore med på det, og ja – til og med rektor på Volda vidaregåande skule gjer det:

"Selfies". Kva er vel meir 2014 enn det?

Ein "selfie" er ikkje noko nytt fenomen, det har mest alltid eksistert. Dei første "selfiane" var kunstnariske sjølvportrett, der personen på bilete hadde eit alvorleg andletsuttrykk. Det første fotografiske sjølvportrettet vart teke i 1839 av Robert Cornelius. No til dags tek alle "selfies", men gjerne med eit muntrare uttrykk. Det handlar om identitetsjakt, sjølvutforskning og sjølvpresentasjon. Men for somme kan det strekkje seg så langt som til narsissisme, som betyr å verte for oppteken av seg sjølv og gløyme alle andre.

Men vi skal ikkje gløyme alle andre. Vi lagar denne skuleguiden for heile skulen! Sjølv er vi ganske så nøgde – håper DU også vert det.

Nytt skuleår, nye moglegheiter

No er vi i gang igjen, nytt skuleår med nye moglegheiter. For nokre er dette første året på vidaregåande, medan for andre er det det siste.

Elevrådet er sett saman av elevar som har fått tillit frå klassene sine for å representere dei. Vi er elevane sitt talerør, vi talar dykkar sak.

Har du noko du ikkje er nøgd med, til dømes dårlege stolar eller pultar? Er det for dårleg luft i klasserommet? Har du eit godt læringsmiljø? Har du gode arbeidsforhold? Får du dei tilboda du treng?

Ta kontakt – vi er her for å hjelpe!

På elevorganisasjonen sine nettsider, elev.no,



finn du mykje informasjon og rettleiingar for korleis di stemme kan bli høyrte i skulekvardagen.

Vi jobbar for at du får dei ressursane du treng til å bli den beste eleven du kan vere.

– Pål-Henrik Sæten, elevrådsleiar

Mot høgare mål

Det er like kjekt kvart år å få det rykande ferske eksemplaret av skuleguiden på skrivebordet. Det har også lukkast 2MK1 å ta guiden til nye høgder, også i år.

Skuleguiden er viktig på mange måtar. Den er ein viktig reiskap for å orientere seg i skulesamfunnet, den er medverkande til å byggje skulen sin identitet – og den er ei av dei viktigaste kjeldene til innsyn i skulesamfunnet for foreldre/føresette. Læringslyst, innsats og inkludering er sentrale kjerneverdier knytt til skulens visjon: mot høgare mål. I kombinasjon med skuleeigars visjon om at skulen skal vere ein tydeleg medspelar, så er lista lagt både for elevar og tilsette. Eg er sikker på at vi i fellesskap skal få til ein trygg og god skule, berre vi alle legg innsats i det. Det er summen av våre eigne haldningar og handlingar som



vi tek med oss inn i skulesamfunnet kvar einaste dag, som avgjer stemninga, kvaliteten og trivselen på skulen. Spør ikkje alltid berre kva andre kan gjere for deg, men også kva du kan gjere for andre. Dette gjeld både fagleg og sosialt. Vi er det vi gjer.

– Trond Hjelseth, rektor.



Avdelingsleiarane

Rektor er overordna alle aktivitetar ved skulen. Han skal først og fremst vere pedagogisk leiar og pådrivar for endringar i pedagogiske metoder og nytenking. I tillegg skal han sjå til at skulen blir driven i samsvar med opplæringslova og andre aktuelle lover og forskrifter, og ha den økonomiske styringa.

Under seg har rektor fem avdelingsleiarar med ulike ansvarsområde:

Kristin Bakke Sæterås

Avdelingsleiar for service og samferdsel (SA), tilrettelagt klasse (TK) og kroppsøvingssesjonen. Kristin er spes.ped.koordinator og har ansvar for alle assistentar og støttelærarar på skulen.

Jan Terje Eidset

Avdelingsleiar for musikk, dans og drama (MU) og medium og kommunikasjon (MK).

Ein del av jobben hans er å ordne timeplanane til alle elevane på skulen. Som kulturkontakt er han også ansvarleg for å organisere alle kulturarrangement på skulen.

Olav Trandal

Avdelingsleiar for IT-drift og merkantil, deriblant vaktmeistrane, reinhaldarane, kontortilsette og kantinepersonalet. Han er også IT-ansvarleg, brannvernleiar og HMS-koordinator på skulen.

Lisbet Ose

Avdelingsleiar for realfag og språkseksjonen, og kontaktperson for oppfølgingstenesta. Ho har ansvar for inntak, vitnemål og for at alle får dei valfaga dei skal ha. Ho har også ansvar for eksamensgjennomføringa.

Jørund Fet

Avdelingsleiar for norsk og samfunnsfag. Han har også ansvar for heildagsprøver og er kontaktperson for blant anna Operasjon Dagsverk, alle elevlag, elevrådet og russen.

Kantina

Kantina ligg i vestibylen på øvre bygg. Der arbeider Cecilie og Else-Marie, og med dei kan du få kjøpt mat og drikke til ein bra pris. Kantinepersonalet ynskjer at elevane skal finne fram kort og kontantar før dei kjem fram til kassa for å hindre kø, Dei vil også at alle skal rydde etter seg i kantina. Dei som har allergi kan snakke med kantinepersonalet for å få tilrettelagt mat. Kantina er open frå 09:30 til 13:30 kvar dag.



Biblioteket

Heidi hjelper deg med å finne bøker til både særemerne i norsk, oppslagsverk til samfunnsfagoppgåver – eller berre rett og slett ei koseleg bok å lese i. Det er også mogleg å låne film eller lydbøker. Om ein ikkje finn den informasjonen ein treng, kan Heidi hjelpe deg med å skaffe bøker frå andre bibliotek. Du kan sitje på biblioteket og jobbe, og om du likar fred og ro kan du også nytte den stille lesesalen.



IT-avdelinga

Om du har eit dataproblem, kan du vitje Olav. Han hjelper deg med alt frå å installere nye program til å fikse virusproblem og nettverksproblem. Han har også ansvar for å sjå til at alle tilsette har gode datavilkår.

Olav har fått nytt kontor i administrasjonsfløya, som ligg til høgre for skulekontoret.



Skulekontoret

Ned trappa ved kantina og til høgre (ved sidan av biblioteket) finn du skulekontoret, med Anne-Grete, Gerd Sofie og Eli bak skranken. Her kan du m.a. skaffe deg busskort, få svar på spørsmål om stipend, få dokumentasjon på at du er elev hjå skulen (til studentrabattar o.l.) og anna praktisk informasjon. Skulekontoret sel dessutan både Skuleguiden og musikal-DVD (også frå tidlegare år).



Helsesøster

Lisbeth er her for elevane om ein treng hjelp, eller om ein berre lurar på noko. Ein kan snakke om mykje forskjellig, blant anna psykisk og seksuell helse. Helsesøster har teieplikt, og om du vil kontakte henne kan du banke på kontordøra, eller sende SMS eller e-post. Kontoret ligg i første etasje på øvre bygg i klasseromsfløya, like ved rådgjevarane. Lisbeth har kontortid heile dagen kvar måndag og onsdag.



Rådgjevarane

Kristian og Randi er rådgjevarane ved skulen vår. Dei hjelper deg med spørsmål om framtidig utdanning og karrierevegar. Dei kan også hjelpe deg med faglege, sosiale og personlege utfordringar, og har eit godt samarbeid med både interne og eksterne tenester. Rådgjevarane har teieplikt, og besøk hjå dei blir ikkje ført som fråvær. Rådgjevarane har kontor på øvre bygg rett ved vrimlearealet i første etasjen i undervisingsfløya.



Reinhaldarane

Grete, Monika, Bente, Kirsten og Margun (ikkje på biletet) er dei første på jobb kvar dag. Dei har som oppgåve å halde skulen rein og helsevennleg. Tidskjemaet til reinhaldarane er ganske stramt. Det betyr at alle elevane på skulen må vere flinke til å rydde opp etter seg og vere med på å halde skulen rein og fin. Alle må hugse at oppgåva til reinhaldarane ikkje er å rydde, men å gjere reint.















Vaktmeistrane

Ronny og Roger er vaktmeistrane her på skulen. Får du ikkje opp skåpet ditt, eller har du noko som må fiksast? Då kan du spørje vaktmeistrane.

Du finn dei over heile skuleområdet der det er vedlikehald som må gjerast, eller i vaktmeisterfløya, som ligg rett utanfor den vestlege inngangen til øvre bygg.





AGU-HOL

IKKJE TIL STADES:
Karl Alsaker, Roger Bjorn Bjørkedal, Ragnhild Engeset, David Gald, Line Harstad



Kaisa Elin Holsvik

Fagkoordinator, lærer

Kroppsøving, tysk, spansk



Svanhild Holsvik

Lærer

Tysk, religion



Hilde Kristin Humberget

Ergoterapeut



Kristian Soma Ingebrigtsen

Rådgjevar



Randi Kalland

Rådgjevar, lærer

Norsk



Tone Klepp

Lærer

Kroppsøving, rørslelag, ergonomi



Eise-Marie Riise Kløkk


Kantinemedarbeidar



Rolv Kornberg

Lærer

Engelsk, psykologi



Håvard Krovel-Velle

Lærer

Mediefag




Gerd Sofie Langvatn

Sekretær



Anne-Grete Lid

Sekretær



Ingrid Maria Lotell

Lærer

Norsk, kroppsøving



Tove Nilsen Løset

Lærer

Sosialkunnskap, norsk



Kristin Mork


Lærer

Norsk



Lilli Johanne Nordstrand Mundal

Assistent



May Charlotte Myklebust

Lærer

Naturfag, matematikk



Olav Sandanger Myklebust


Lærer

Naturfag, matematikk, biologi



Per Einar Dagsson Myklebust

Assistent



Kåre Myrene

Lærer

Geografi



Lits Hege Mørch

Lærer

Fransk



Anders Nilsen

Lærer


Mærknadsføring og leing, programfag SA



Ma Ortiz

Lærer (vikar)

Mediefag



Ragnar Didrik Oskal

Lærer


Norsk, historie



Dace Dizbite Ose

Lærer

Mediefag



Lisbet Ose


Avd.lærer



Siv Heidi Osvoll

Lærer

Matematikk, naturfag, geografi



Ragnhild Oterholm

Lærer

Fransk, engelsk



Rudina Robertsen

Lærer

Naturfag, kjemi, matematikk

IKKJE TIL STADES:

Bente Elin Johnsen, Trond Klepp, Alexander Mihaylov Minkov, Nils Ose

HOL-ROB



Even Rotevatn



Fagkoordinator, lærer

Toppidrett, kroppsøving



Bente Natalie Sovik




Reinhalder



Grete Karin Skjvsfjad



Reinhalder




Stein Helge Solstad



Lærer

Musikkfag



Hilde Steinnes



Assistent



Merete Grettland Steinnes



Lærer

Engelsk, spansk



Bjornar Sæterås



Fagkoordinator, lærer

Matematikk



Tjalve Sorheim



Fagkoordinator, lærer

Politikk og menneskerettar, geografi, samfunnsfag, historie




Guro Tafjord



Lærer

Norsk, engelsk




Henning Tafjord



Lærer

Engelsk, samfunnsfag




Torill Elise Kolbeinsen Tafjord



Lærer

Mediefag




Per Torheim



Lærer

Naturfag, fysikk



Egil Trandal



Lærer

Økonomi og leiling, programfag SA



Olav Trandal



Avd.lærer, IT-ansvarlig




Margrete Trøvig



Lærer

Norsk, engelsk



Ane Nagizova



Lærer

Naturfag, matematikk




Stein Henrik Vartdal



Lærer

Musikkfag




Mette-Karin Vik



Lærer

Engelsk, samfunnsfag, historie, religion



Øyvind Voreen



Lærer

Matematikk, kjemi



Jorid Vårdal



Fagkoordinator, lærer

Mediefag



Erik Waagan



Ergoterapeut



Linn Janett Driveklepp Øyde



Lærer


Matematikk, naturfag



Ronny Aam



Vaktmeister



Liv Årn



Lærer

Matematikk, biologi, kjemi



Egil Åslid



Lærer

Musikkfag

ROT-ÅSL

IKKJE TIL STADES:

Ingrid Salt, Lillian Stensaa, Inna Selyanina Svendsen, Kristin Bakke Sæterås, Agnethe Sissel Teige, Igor Terzic, Renata Vynikalova, Lars Ørstavik, Svein Erik Aamås



Lokale talent

”Jeki” og ”Eirik Yoyo” er to namn dei fleste vil hugse frå 2014. Dei har begge tatt steg ”mot høgare mål”, i tråd med skulen sin visjon.

– Musikk har alltid vore ein del av livet mitt, seier Jeki. – Begge foreldra mine er svært musikalske, så det var vel ikkje til å unngå at eg også vart interessert i musikk. Eg har lyst til å jobbe i underhaldningsbransjen, anten som musikar eller skodespelar. Om det ikkje lukkast kunne eg eventuelt tenkje meg å jobbe som psykolog. Eg vil uansett arbeide med menneske i jobben min.

Jeki kom til semifinalen i årets Idol-tevling, som ein av førti blant mange tusen påmelde.

– I april var eg på audition til Idol i Bergen. Det i seg sjølv var utruleg spanande, men det at

eg faktisk fekk vere med og opptre på TV er eit heilt nytt nivå når det kjem til spenning. Sjølv om eg ikkje nådde heilt opp så har Idol vore ei veldig artig, spanande og lærerik oppleving, konkluderer Jeki.

Eirik kom heilt til finalen i Norske Talenter tidlegare i år.

– Eg har halde på med jojo i nesten fem år no. Det byrja med at eg ville lage videoar og leggje dei ut på Youtube. Ambisjonen var ikkje større enn som så, men no som eg har vore med på Norske Talenter har eg verkeleg fått auka entusiasme for det, fortel Eirik.

Gjennom dei siste åra har han kome i kontakt med mange talentfulle personar, inkludert fleire av sine store førebilete.

– Eg har kome meg lenger enn eg hadde trudd, og eg vil halde fram og jobbe meir med det og bli enda betre enn det eg er no, avsluttar Eirik med stor glød i augene.



Populære låtar i 2014

Salsa Tequila Anders Nilsen
All of me John Legend
Rude Magic!
Engel Admiral P og Nico D
Problem Ariana Grande
Fancy Iggy Azalea og Charlie xcx
Waves Mr. Probz
Selfie The Chainsmokers
Younger Seinabo Sey (Kygo remix)

Mine favorittar

Populære filmar og seriar i 2014

Guardians of the Galaxy (film)
22 Jump street (film)
Divergent (film)
The Fault in Our Stars (film)
Børning (film)
Game of Thrones – sesong 4 (serie)
Orange Is the New Black – sesong 2 (serie)
Outlander – sesong 1 (serie)
Doctor Who – sesong 8 (serie)

Mine favorittar

Viktige hendinger i 2014

- 7. februar OL i Sotsji
- 8. mars Malaysian Airlines forsvinn
- April "Hopp i havet"-utfordring går som farsott på sosiale medium
- 10. mai Conchita vinn MGP
- 17. mai 200-årsjubileum for grunnlova
- 23. mai Eirik Sætre Hove deltek i finalen på Norske Talenter
- 24. juni Kim Kardashian-spelet kjem ut
- 13. juli VM-finalen i fotball, Tyskland vinn
- Juli Terrortrugslar mot Noreg
- 22. - 23. august David Guetta og Icona Pop opptrer på Jugendfestival i Ålesund
- 11. august Robin Williams blir funne død
- 9. september Iphone 6 og Iphone 6 Plus blir lansert
- 26. september Jekezhahrem Acuna Villanueva deltek i semifinalen i Idol

Mine hendinger

STUDIE- SPECIALISERING





ST

MUSIKK.

DANS

OG

DRAMA



The image features a dark blue circle in the center, containing the white text "MU". The background is a complex, low-poly geometric pattern of various shades of blue and light gray, creating a textured, crystalline effect.

MU



MEDIUM

OG

KOMMUNIKASJON



The image features a central dark red circle containing the letters 'MK' in a bold, white, sans-serif font. The background is a complex geometric pattern of overlapping, semi-transparent polygons in various shades of red and pink, creating a 3D effect of depth and perspective.

MK

SERVICE

OG

SAMFERDSEL





SA



A teal-colored circle is centered on the page. Inside the circle is a white hashtag symbol (#). The background of the entire page is a complex, abstract pattern of overlapping, semi-transparent teal and light blue geometric shapes, primarily triangles and hexagons, creating a 3D effect of stacked blocks.

#



Skulebilde 🤩






#









#

Aktivitetar og hendingar

MK-Oskar

Medielinja sin eigen variant av The Academy Awards, populært kalla "The Oscars". Der har ein sjansen til å vinne premiar for beste produkt innan ulike kategoriar. Det er ein aftan full av moro og glamour.

Animation Volda og Den norske dokumentarfilmfestivalen

Vert arrangert årleg av studentar ved Høgskulen i Volda, men er opne for alle. Der blir det vist filmar og halde seminar om animasjons- og dokumentarfilm. Medielinja plar delta med vg1- og vg2-klassene.

Musikal, huskonsertar og kyrkjekonsert

Musikalen er ein av dei største hendingane på Volda vgs, og er eit samarbeidsprosjektet mellom musikk- og medielinja. Musikklinja arrangerer også kvart år ein kyrkjekonsert, samt ei rekkje huskonsertar internt på skulen i løpet av skuleåret.

Ungdomsbedrift, bedriftsbesøk og ekskursjonar

Ungdomsbedrift er eit av dei største prosjekta på Sal og service. Her får ein oppleve korleis det er å ha ansvar for ei bedrift, og korleis ein skal te seg som entreprenør. SA-elevar gjennomfører også bedriftsbesøk. Elevar som har realfag plar reise på ulike naturfagsekskursjonar.

Vardefesten

Kvart år arrangerer skulen eit juleball for alle elevar og tilsette på skulen.

Nyttige tlf.nr.

Skuleleiinga

Trond Hjelseth	700 59 303
Kristin Bakke Sæterås	700 59 307
Jan Terje Eidset	700 59 304
Olav Trandal	700 59 308
Lisbet Ose	700 59 305
Jørund Fet	700 59 306

Merkantile tenester

Skulekontoret	700 59 301
Biblioteket	700 59 310
Kantina	700 59 311
Vaktmeistrane	700 59 313
Reinhaldarane	700 59 314

Elevtenester

Helsesøster	700 59 325
Rådgevar Randi	700 59 323
Rådgevar Kristian	700 59 324
Voldahallen	700 59 326

Lærarkontor

MU	700 59 322
MK	700 59 330
SA/TK	700 59 337 / 339
Realfag	700 59 332 / 333
Kroppsøving	700 59 333
Samfunnsfag	700 59 334
Norsk	700 59 335
Språk	700 59 336

Viktige datoar

4. – 12. OKT	Haustferie
24. OKT	Operasjon Dagsverk (OD)
19. DES – 4. JAN	Juleferie
14. – 22. FEB	Vinterferie
24. MAR	Skidag
28. MAR – 6. APR	Påskeferie
1. MAI	Fridag
14. MAI	Kristi Himmelfartsdag
15. MAI	Elevfri dag
25. MAI	2. pinsedag
19. JUN	Siste skuledag



VOLDA VIDAREGÅANDE SKULE

Vevendelvegen 35
6102 Volda

700 59 300
volda.vgs@mrfylke.no

volda.vgs.no